



VESTLAND FYLKESKOMMUNE MOBILITET OG KOLLEKTIVTRANSPORT

Askedalen 2
6863 LEIKANGER

Dykkar referanse	Vår referanse	Sakshandsamar	Dato
	2025/96-52	Asbjørn Nagell Toft	09.10.2025

Planprogram for regional plan for areal og mobilitet i Vestland er på offentlig ettersyn- Uttale frå Austrheim kommune

Austrheim kommune vil gje innspel til planprogrammet for ny regional plan for areal og mobilitet i Vestland som no er på offentlig ettersyn.

Utvida rolle for kommunesentra

Austrheim kommune meiner at den regionale planen for areal og mobilitet bør vurderer ei utvida rolle for kommunesenteret på Mastrevik i Austrheim (midt i Vestland fylke). Her er det vidaregåande skule, barne- og ungdomskule, kommunehus, idrettspark, viktige helsetenester, sørvisteneste, butikkar, kollektivknutepunkt og mange funksjonar og tenester også innbyggjarane nyter godt av i nabokommunane våre Fedje, Gulen, Solund og Alver. Det å få tannlegekontor tilbake til Austrheim sitt kommunesenter kunne og vore eit viktig tiltak her. Det gjer at folk slepp køyra borna sine langt til tannlege. Eldre og sjuke folk slepp tannlegebesøk langt vekke og med tilsette med som bruker arbeidstida si til køyring, eller at pårørende må ta fri for arbeid til slike tenester. Me må heller ikkje gløyma at det største næringsområdet i Vestland Mongstad ligg like i nærleiken. Her er det og mange lærlingar.

Me meiner at regional planlegging må i større grad anerkjenne kommunesentra i fylket som viktige tenesteknutepunkt for regionen, og styrkje rolla dei har med tanke på klima, beredskap, helse, utdanning, men og næringsutvikling og sosial utjamning. **Kva rolle kommunesentra skal ha framover bør utgreiast i planprogrammet.**

Å til dømes få tilbake bok/kulturbåten, teaterbåten og andre regionale kulturtilbod hadde gjort at folk kunne brukt slike tilbod der dei bur. Det aukar buattraktiviteten i distrika, og det å ta heile fylket i bruk. Mindre trafikk og.



Kommunesentert vårt bør få ei tydlegare rolle i dette planarbeidet, med vurdering av kva funksjonar det kan ha for regionen. Regional planlegging bør ikkje bruke same mål og verkemiddel for alle kommunar, men gje kommunesenteret vårt ei tydelegare rolle som eit lokalt knutepunkt. God tilgang til transport og mobilitet er ein grunnleggjande føresetnad for at folk skal kunne bu, arbeide og drive næring i distriktskommunar som Austheim og i våre nabokommunar.

Betre og rimlegare kollektivtilbod:

Det bør leggjast til rette for betre samordning av buss-, båt- og ferjeruter. Det må og vera rom for at bussar og ferjer ventar litt på kvarandre om det vert forsinkingar. Elevar og pendlarar med fleire skal heimatt eller til og frå arbeid/skule, her må det verta større fleksibilitet når ein skal bytte buss/ferje/båt under reisen. Dei menneskelege omsyn må styra samfunnet vårt. Det vert kjekkare å arbeida på ferjene og på bussane våre og då, om omsyn til dei reisane går føre tidskjemaet og firkanta praksis. Ringvegbuss i Nordhordland som køyrer på Fv 57 og Fv 565 heile tida ville gjort transporten kortare for mange til og frå skular og arbeid og (til dømes ei bussrute som går Knarvik-Lindås-Mastrevik-Alversund-Knarvik).

At tida som ein billett frå Skyss er gjeldande vart **reduisert frå 90 til 60 minuttar** i 2025 er også eit moment som svekker kollektivtrafikken i regionen og i Austrheim kommune. Innan 1 time kjem mange folk i Austrheim kommune ikkje fram til Knarvik, og må då løyse ny billett for å reisa vidare til andre stadar. Det same gjeld overgang til bybanen i Bergen frå dei som kjem på lenger sør i Nordhordland, og gjerne skal vidare til mellom anna Bergen Lufthavn eller Haraldsplass/Haukeland sjukehus, eller utdanningstilboda på Kronstad med meir. Det gjer at mange tek bilen, og gløymer/ser vekk frå busstilbodet. Bilkøane aukar og, særleg i Knarvik, Flatøy og mot Bergen. Å redusera dette billetttilbodet til berre å gjelda i 60 minutt er dårleg distriktpolitikk, men og dårleg mobilitet-, og miljø- og klimapolitikk. Erfaringane våre viser gjerne at dei økonomiske omsyna ofte vert prioriterte på kostnad av trafikktryggleik, men og dei sosiale og klimamessige dimensjonane. Det bør det verta slutt på. Det er kostbart for ein familie med to born å ta kollektivreiser frå til dømes Austrheim til Bergen. Prisen på lengre bussturar er såleis vorte urimeleg høg. **Det må difor utgreiast skikkeleg i planprogrammet korleis ein kan få fleire til å reisa kollektivt i distrikta våre.** Dette både av sosiale, miljømessige og økonomiske omsyn.

Eit rimleg Norgeskort/fylkeskort som gjeld all kollektivtransportmiddel for eitt år for alle bør innførast i Vestland fylke. Dette bør utgreiast i planprogrammet.

Parkering gratis på innfartsårer:

I tillegg bør det vera mogeleg at bilistar (også andre enn pendlarar) kan parkera gratis ved kollektivknutepunkt i Knarvik og i Åsane. Då slepp dei køyra inn til Bergen for å parkera der. Ved Åsaneterminalen bør til dømes ha gratis parkering for alle som tek ein kollektivreise. Truleg andre stadar i fylket og før ein kjem inn til større stadar. **Dette bør utgreiast.**

Kollektivtilbodet må utgreiast:

Kollektivtilbodet mellom bygdene våre og kommunesenteret i Mastrevik er i praksis knytt til skuleruter. Dette kan hindra ungdom og andre frå å delta i idrett, fritids- og kulturaktivitetar på kveldstid og i helger, om dei då ikkje vert køyrd med bil av foreldre. Den utviklinga me ser er at fleire og fleire ungdomar køyrer mopedar, motorsyklar, ATV, og el-ståsyklar og mopedbilar. Det er ikkje bra verken for folkehelsa eller økonomien til familiar som bur her. Det fører til eit klasseskilje, kven har råd og kven har ikkje råd til slike kostbare transportmiddel, det skapar eit aukande klasseskilje. **Kva skal til for at fleire born og unge kan ta buss eller sykla meir i kvardagen bør utgreiast i planprogrammet.**

Byggja gang- og sykkelveggar som er ferdig detalregulert langs fylkesvegane våre

I Austrheim kommune er det mykje gjennomgangstrafikk på Fv 565 (tidlegare riksveg 565). Mykje av kollektivreisene startar ved Mastrevik. Det manglar fortau/gang- og sykkelveggar langs fylkesveg 565 frå kommunesenteret i Mastrevik og mot Kilstraumen/Utkilen, men det vart detaljregulert ferdig i 2017. Realisering av ferdig regulerte gang- og sykkelveggar langs fylkesveg 565 må koma på plass. Det vart gjeve økonomisk støtte frå fylkeskommunen til dette planarbeidet i 2015, men ingenting er gjort her etterpå. Farleg strekning.

Samanhengande gang- og sykkelveg mellom kommunesenteret i Mastrevik til Mongstad på Fv 565 og Fv 57 må gjennomførast. Det er mykje pendlarkøring til dei store næringsområda i Fensfjordbassenget (Sløvåg, Skipavik og Mongstad) Frå Austrheim går det ferjer til komunane Fedje og til Gulen og vidare til nordover. Det store næringsområdet på Mongstad ligg delvis i Austrheim kommune. Å byggja gang- og sykkelveggar der folk bur er viktigare enn dyre kostbare motorveggar. Fylkesvegane våre er utrygge for gåande og mjuke traffinkantar.

Planprogrammet bør utgreiast korleis areal- og mobilitetspolitikken kan bidra til å få betre samferdselsløyser med tanke på økonomi, sosial utjamning, klima, miljø og trafikktryggleik. **Planprogrammet bør utgreia korleis fylket bør realisera bygging av ferdigregulerte gang- og sykkelveggar langs fylkesvegane våre (Fv 565 og Fv. 57).**

Folkehelseperspektivet må vera med oss i planprogrammet. Folk som tek buss eller har gode gang- og sykkelveggar går og bevegar seg meir!

Lykke til med arbeidet vidare med planprogrammet.

Med vennleg helsing

Asbjørn Nagell Toft

Leiar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ikkje handskriven signatur

[Bruk gjerne eDialog til hovudpostmottak via denne lenka, for å svare på dette brevet.](#)

Oppgje referansenummer 2025/96.

Likelydande brev sendt til:

VESTLAND FYLKESKOMMUNE MOBILITET OG KOLLEKTIVTRANSPORT

VESTLAND FYLKESKOMMUNE NÆRING, PLAN OG INNOVASJON

